

KVINNE I EKSIL

Eg såg deg stå på ein perrong
no veit eg ikkje eingong om det hende
Eg fanga blikket eit sekund
før toget glei forbi, og du var vekk
Eg såg deg ikkje meir

Eit bilde, det er alt
Eit glimt, eit foto frå avisa
to menn i uniformer bak deg,
ein fotballkamp på andre sida
Eg kjende deg igjen med eitt.

Du hadde reist uendeleg,
lagt alt og alle bak deg som i skodde
Og alle dei du elska vilt
stod att, og blodet svalna sakte ned
Dei såg deg ikkje meir

Eit bilde, det er alt
Eit glimt, eit minne frå ein morgon
ei sol som lyste gjennom kjolen
ei kraft, ei skjelving gjennom kroppen
eit spor, og dunk av tunge hjul

Du trudde reisa di var slutt,
at du var framme, at du kunne gløyme
Men du var framand der du kom,
den svarte huden glatt og kroppen rank
Ei kvinne i eksil

Eit bilde, det er alt
Eit glimt, eit foto frå avisa
to menn i uniformer bak deg,
ein fotballkamp på andre sida
Eg kjende deg igjen med eitt.

Eg såg deg stå på ein perrong
no veit eg ikkje eingong om det hende
Eg fanga blikket eit sekund
før toget glei forbi, og du var vekk